

## **Reguleringsføresegner til reguleringsplan for Solem II.**

### **§ 1 Områdedefinisjon.**

Reguleringsføreseggnene gjelder innanfor reguleringsplanen si avgrensning.

### **§ 2 Arealbruk**

Arealbruk innanfor planen er delt inn i følgjande reguleringsformål :

- |    |                |                |
|----|----------------|----------------|
| 1. | Byggeområde:   | Bustader       |
| 2. | Trafikkområde: | Køyreveg       |
| 3. | Friområde:     | Leikeplass     |
| 4. | Spesialområde: | Friluftsområde |

### **§ 3 Bustadområde.**

- a) På plankartet er det teikna inn retningsgjevande plassering av bygningar.
- b) Bygningane skal vere frittliggende.
- c) Alle frittliggende einebustader bør ha mønetak.
- d) Maksimal mønehøgde på bustader vert sett til 8 meter målt ut frå gjennomsnitt terrenget. Utsettingshøgde vert fastsett av bygningsmyndigheita. Avvik vert sett til +/- 0,5 meter.  
Mønehøgde for dei enkelte utbyggingsområde:
  - B1, B2, B4, B6 og B9                    7 meter
  - B3, B5, B8 og B10                    6 meter
  - B7    8 meter
- e) Garasje kan settast opp i ei etasje med maksimal grunnflate på 50 m<sup>2</sup>. Maksimal mønehøgde for garasje vert sett til 6 meter. Plassering av garasje skal vere vist på byggemeldinga. Dette gjeld også om garasjen ikkje skal byggast samstundes med bustaden / huset. Det faste planutvalet ved Teknisk styre kan krevje at tomteigar fører opp garasje inntil 1 meter frå felles tomtegrense.
- f) Kvar bustadtomt skal i tillegg til garasjeplass ha oppstillingsplass for ein bil på eigen grunn.
- e) Under handsaming av byggemeldinga skal det faste planutvalet ved Teknisk styre sjå til at bygningane fågod form og materialbruk.
- g) Det faste planutvalet ved Teknisk styre skal godkjenne utforming og høgde for gjerde mot offentleg veg.
- h) Det bør ved plassering av bustad, garasje og gjerde leggast vekt på å verne vegetasjon og naturleg terrengformasjon.
- i) Utnyttingsgraden for tomtene vert sett til maksimalt BYA = 30

### **§ 4 Trafikkområde**

- a) Reguleringsgrense for veg er ytterkant for trafikkareal. Nødvendig areal til skjering og fylling ut over dette kjem på tilliggande reguleringsformål.
- b) Planen viser minimum grense for fri sikt i kryss. Mellom desse grensene og trafikkområdet skal det ikkje plantast eller plasserast noko som hindrer fri sikt. Maksimal høgde på tiltak innan frisikszone er 0,5 meter over tilliggande veg.

### **§ 5 Friområde**

- a) Innanfor leikeområdet kan bygningsrådet gje løyve til oppføring av bygg eller konstruksjonar som har med leik å gjere.
- b) Ballplassen er tenkt som løkke til allmenn bruk. I tilknytning til løkka kan det setjast opp konstruksjonar som har samanheng med idrett og bruken av området.

## **§ 6 Spesialområde**

Innanfor spesialområde, som er merka friluftsområde og parkbelte, skal terrenget verst slik at landskapet sin art og karakter vert ivaretaken.

## **§ 7 Felles føresegner**

Etter at desse reguleringsføreseggnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til ved privat servituttar å etablere forhold som er i strid med føreseggnene.

Det faste planutvalet ved Teknisk styre kan når det ligg føre særlege grunnar gje dispensasjon frå forskriftene i reguleringsplanen.